

# Stryn kommune

## Retningslinjer for tildeling av tilskot til tiltak i beiteområde 2021-2025

Vedteke av Stryn formannskap 04.02.2021

### Bakgrunn

Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder 04.02.2013 regulerer ordninga. Rundskriv 2019/45 frå Landbruksdirektoratet utdjupar regelverket.

Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mulig utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

Tilskot kan tildelast til lag eller foreiningar (beitelag, grunneigarlag, radiobjøllelag) som er registrert i einingsregisteret, som driv næringsmessig beitedrift og som set i verk investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde.

Økonomisk råme for tilskotssordninga vert årleg tildelt gjennom tildelingsbrev fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet til fylkesmannsembeta. Fylkesmannen fordelar midlane vidare til kommunane. Fordeling kan til dømes skje ved å hente inn prognosar fra kommunane som grunnlag.

### Lokale retningslinjer og utlysning av midler

Det er kommunane som prioriterer søknadene og innvilgar tilskot. Som grunnlag for prioriteringane skal kommunane fastsette lokale retningslinjer innafor råma av forskrifta og dette rundskriv 2019/45.

Kommunen skal lyse ut midlane på kommunen sin heimeside og fastsette søknadsfrist.

### Prioriterte tiltak og tilskotssats

Generelt kan det gjevast tilskot til alle typar tiltak som fremjar beiting i eit område, men i hovudsak skal tiltaka vere stasjonære. Døme på aktuelle tiltak kan vere:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for dyr og folk
- Sperregjerder for å sikre at dyr ikkje kjem over i farleg område
- Elektronisk overvakingsutstyr
- Informasjonsmateriell/skilting

Når tildelt råme ikkje samsvarar med søknadsmengda må det gjerast prioritering av søknader.

Fellestiltak vil prioriterast framfor tiltak for einskilddrukar. Tilskot til store investeringar i faste stasjonære anlegg vil bli prioritert. Dette ut i frå vurdering av at mindre investeringar som t.d.

elektronisk utstyr, ofte kan takast over tid, og tilskot vil gjerne ikkje vere utløysande for investeringa. Det kan bli gjeve avslag på einsskilde søknader framfor å fordele litt til alle.

Tilskotssats vil normalt vere inntil 50%. Dette kan bli justert ut i frå forholdet mellom innkomne søknader og tildelt råme. Forskrifta opnar for høgare sats i somme tilfelle. Dersom råma tillet det kan satsen i dei tilfella aukast i samsvar med forskrifta.

Tildeling av tilskot kan skje administrativt i samsvar med desse retningslinjene.

## Søknad

Søknadsfrist 1. mars. Utlysning med søknadsfrist skal kunngjerast på kommunen si nettside. I tillegg vert same informasjon sendt på e-post til leiarane for dei aktuelle beitelaga.

Beitelag sender søknad om tilskot til kommunen.

Vedlegg til søknad:

-Avtaler med grunneigar

-Kart

-Kostnadsoverslag/tilbod

## Rettleiande timesatsar for eige arbeid (pr 2021)

- Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag o.l): 350 kr/time
- Bruk av traktor : 600 kr/time
- Gravemaskin: 800kr/time (eller etter rekning)